



Protokoll frå styremøte i NGIR

Tid: 02.05.2016, kl 13.30 – 17.30

Stad: Kjevikdalen

Frå styret møte:

Helge Fjellanger (leiar), Ottar Skjelvik (nestleiar), Kristin Handeland, Kari Torkildsen Utkilen, Vigdis Søvik, Martin Soltveit (1. vara)

Frå administrasjonen møte:

Erlend Kleiveland (dagleg leiar)

Frå representantskapet møte:

Liv Anne Aanensen (representantskapsleiar)

I starten av møtet vart Sveinung Kråkås takka for innsatsen som representantskapsleiar.

I slutten av møtet vart Vigdis Søvik takka for innsatsen som styremedlem.

Sakliste:

- Sak 07/16 Godkjenning av innkalling og sakliste
- Sak 08/16 Godkjenning av protokoll frå førre møte
- Sak 09/16 Meldingar
 - a) Diverse munnleg orientering
 - b) Årsrapport HMT 2015
 - c) Handlingsplan HMT 2016
 - d) Styreseminar
- Sak 10/16 Rekneskap 2015
- Sak 11/16 Årsmelding 2015
- Sak 12/16 Honorar til revisor 2015
- Sak 13/16 Erverv av grunn
- Sak 14/16 Anbud komprimatorbil

Sak 07/16 Godkjenning av innkalling og saksliste

Innkalling og saksliste vart godkjent.

Sak 08/16 Godkjenning av protokoll frå førre møte

Protokoll frå styremøtet 15.03.2016 vart godkjent og signert.

Sak 09/16 Meldingar

a) Diverse munnleg orientering

1) Etablering av deponi på Eikefet

Lindum AS og Oster Utvikling AS har søkt om oppstart av reguleringsendring av gjeldande reguleringsplan for steinuttaket i Eikefet og Urdal. Selskapa har ein intensjon om å danne eit felles selskap som skal drive deponering av massar i det eldste steinbrotet på Eikfet.

2) Sal av tomt i Knarvik

Tomta vert lagt ut for sal ein av dei første dagane. Dersom det vert bydd over takst (9,3 millionar kroner), vil dagleg leiar godkjenna tilbodet. Dersom det vert bydd under takst, skal det kallast inn til telefonstyremøte.

3) Store bilar og traktorar på gjenvinningsstasjonane

Det har kome 2 skriftlege klagar og det har vore nokre kommentarar på Facebook etter at det vart varsla stenging for store bilar og traktorar.

4) Reparasjon etter brann

Det har vore mykje arbeid i samband med oppfølging av reparasjon etter brannen i omlastingshallen. Skadeomfanget på taket såg ut til å vera noko større enn det takstmannen frå forsikringselskapet meinte og NGIR har difor hyra inn fagmann for å få dette vurdert. Forsikringselskapet har no akseptert ein større reparasjon enn først tenkt.

b) Årsrapport HMT 2015

Rapporten vart tatt til orientering.

c) Handlingsplan HMT 2016

Handlingsplanen vart tatt til orientering

d) Styreseminar

KAV (Kommunalt Avfall Vest, som er eit samarbeidsfora for kommunale avfallsselskap på Vestlandet), inviterer til styreseminar / styrekurs 22. - 23. september 2016. Styret vil på neste møte vurdera om dette er aktuelt å delta på.

Sak 10/16 Rekneskap 2015

Resultata (etter skatt) frå dei ulike områda er vist nedanfor:

Resultat 2015	Resultat	Budsjett	Avvik
Hushald	-kr 2 064 000	-kr 1 596 000	-kr 468 000
Verksemd	kr 641 000	kr 463 000	kr 178 000
Slam	kr 268 000	-kr 1 177 000	kr 1 445 000
Bilvrak	kr 63 000	kr 426 000	-kr 363 000
Totalt	-kr 1 093 000	-kr 1 884 000	kr 791 000

Resultata frå hushald og slam vert korrigert for alternativkostnad. Alternativkostnad vert utrekna ved å multiplisera historisk kostnad / netto anleggskostnad samt tomtekostnad (fråtrekt tidlegare års avskrivningar) med kalkylerenta. Kalkylerenta vert sett lik 5 års swaprente, med eit tillegg på 0,5 prosent. For 2015 utgjer den 1,94 %. Sjå note 12 for utrekning av alternativkostnad.

NGIR har i 2015 investert i varige driftsmidlar for 1,5 millionar kroner. Investeringane er spesifisert i note 3 til rekneskapen.

Langsiktig gjeld per 31.12.15 er kr 47 304 000, ein reduksjon på kr 1 556 000 frå 2014.

Eigenkapitalprosenten auka frå 54 % til 56 %.

Forplikingane til etterdrift ført som langsiktig gjeld auka med kr 745 000, medan pensjonsforplikingane auka med kr 1 675 000. NGIR hadde per 31.12.15 ei langsiktig lånegjeld på kr 33 787 500.

Rekneskapen gir eit rettvisebilete av egedelar og gjeld, finansiell stilling og resultat. Det er ingen forsknings- eller utviklingsaktivitetar bokført i 2015.

Det er i rekneskapen ikkje sett av midlar til etterdrift frå hushalda. Eit beløp tilsvarande kalkulatorisk rentekostnad vert føreslege overført til etterdriftsfond, då dette er pengar som hushaldskundar betalar og som på grunn av regelverket rundt bruk av kalkulatorisk rente vert lagt til eigenkapitalen.

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Styret rår til at representantskapet godkjenner rekneskapen med følgjande disponering:

	Disponering:	Sum etter disp.
Bruk av utjamningsfond hushald	-2 901 305	2 900 631
Avsetjing til utjamningsfond slam	314 832	3 021 756
Avsetning til etterdriftsfond	1 493 957	14 329 016
Sum disponering	-1 092 517	

Eit beløp tilsvarende kalkulatorisk rentekostnad (Kr 909 134) vert overført frå opparbeidd eigenkapital til etterdriftsfond.

Vedtak i styret 02.05.16:

Styret rår til at representantskapet godkjenner rekneskapen med følgjande disponering:

	Disponering:	Sum etter disp.
Bruk av utjamningsfond hushald	-2 901 305	2 900 631
Avsetjing til utjamningsfond slam	314 832	3 021 756
Avsetning til etterdriftsfond	1 493 957	14 329 016
Sum disponering	-1 092 517	

Eit beløp tilsvarende kalkulatorisk rentekostnad (Kr 909 134) vert overført frå opparbeidd eigenkapital til etterdriftsfond.

Sak 11/16 Årsmelding 2015

Utkast til årsmelding vart handsama av styret. Nokre få mindre kommentarar vert innarbeidd i den endelege versjonen som går til representantskapet.

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Styret legg NGIR si årsmelding for 2015 fram for representantskapet for godkjenning.

Vedtak i styret 02.05.16:

Styret legg NGIR si årsmelding for 2015 fram for representantskapet for godkjenning.

Sak 12/16 Honorar til revisor 2015

Nordhordland Revisjonsdistrikt har utført revisjon av føreliggjande forvaltnings- og rekneskapsdokumentasjon for NGIR. Kostnaden for 2015 er sett til kr 44 000.

Budsjetterte kostnader for 2015 var kr 46 000.
Kostnaden for 2014 var kr 43 000.

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Styret rår til at representantskapet godkjenner revisjonskostnadene på kr 44 000.

Vedtak i styret 02.05.16:

Styret rår til at representantskapet godkjenner revisjonskostnadene på kr 44 000.

Sak 13/16 Erverv av grunn

Dagleg leiar vurderer det slik at ytterlegare dialog/forhandlingar/tilbod berre vil forseinka ei bygging av reinseanlegg og tilrår styret å gå til oreigning av naudsynt areal for reinseanlegg. Utreiinga frå advokaten tilseier at grunnlaget for oreigning er tilstades. Ei slik oreigning bør skje med såkalla førehandstiltreding der arealet vert teke i bruk før prisen vert fastsett av retten. Dette av omsyn til framdrift.

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

NGIR startar prosess med oreigning av grunn til reinseanlegg og tilhøyrande infrastruktur.

Vedtak i styret 02.05.16:

NGIR startar prosess med oreigning av grunn til reinseanlegg og tilhøyrande infrastruktur.

Sak 14/16 Anbod komprimatorbil

Kontrakten vart lyst ut i februar og det vart halde tilbodskonferanse 09.03.16. Tilbodsfristen vart sett til 14.05.16. Det kom inn 4 tilbod.

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

NGIR inngår avtale med RenoNorden AS i samsvar med evalueringsrapporten som føreligg.

Vedtak i styret 02.05.16:

NGIR inngår avtale med RenoNorden AS i samsvar med evalueringsrapporten som føreligg.

Kjevikdalen 02.05.2016

Helge Fjellanger
-styreleiar-

Ottar Skjelvik
-styremedlem-

Vigdis Søvik
-styremedlem-

Kari Torkildsen Utkilen
-styremedlem-

Kristin Handeland
-styremedlem-